

Finansreglement



Fjord
kommune



Vedteke i Fjord kommunestyre sak 066/22 den 27.10.2022

Innhold

1	Reglement for finansforvaltning	3
1.1	Innleiing	3
2	Formål.....	4
3	Risikoprofil.....	5
4	Rammer for risiko	5
4.1	Innlån.....	5
4.2	Mål for avkastinga	6
4.3	Plassering av ledig likviditet som er til disposisjon innanfor årsbudsjettperioden.	6
4.4	Langsiktige finansielle aktiva	7
4.5	Fullmakter.....	11
4.6	Rapportering og kontroll	11
4.7	Handtering av avvik	12

1 Reglement for finansforvaltning

1.1 Innleiing

Etter kommunelova §14-2 har kommunar og fylkeskommunar plikt til å vedta reglar for finansforvaltninga (finansreglement).

Kommunelova § 14-13 angir bestemmelsar om finans – og gjeldsforvaltninga, rapportering og dokumentasjonskrav overfor avtaleparten.

At kommunane skal forvalte finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant anna slik at påløpte forpliktelsar kan betalast ved forfall, er teke inn i kommunelovas § 14-1, 3. ledd.

Utover dette er det viktig at et reglementet er tilpassa den kompetanse og den ressursbruk som ein anser det naturleg for ein kommune å bruke på finans- og gjeldsforvaltninga.

Forskrift 18.11.19 nr. 1520 om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar kapittel 2 sett krav:

- til innhaldet i finansreglementet
- om kvalitetssikring av finansreglementet og rutiner for finans- og gjeldsforvaltninga
- til innhaldet i kommunedirektørens rapportar til kommunestyret og fylkestinget.

Kva reglementet skal innehalde er nærare omskrive i § 14-13:

Finansreglementet skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen eller fylkeskommunen i å ta en vesentlig finansiell risiko i finans- og gjeldsforvaltningen, og som sikrer at løpende betalingsforpliktelsar kan innfris ved forfall. Finansreglementet skal også inneholde bestemmelser om hvilke avkastningsmål som skal ligge til grunn for finansforvaltningen.

Hvis det avdekkes avvik fra finansreglementet, skal det iverksettes nødvendige tiltak. Hvis det er nødvendig for å unngå vesentlig finansiell risiko, blant annet for å sikre at løpende betalingsforpliktelsar kan innfris, skal kommunestyret eller fylkestinget selv endre finansreglementet.

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om forvaltningen av finansielle midler og gjeld. I tillegg skal kommunedirektøren etter årets utgang legge fram en rapport som viser utviklingen gjennom året og status ved utgangen av året.

Før kommuner og fylkeskommuner inngår avtaler, skal de dokumentere overfor avtaleparten at avtalen ikke innebærer vesentlig finansiell risiko i strid med § 14-1 tredje ledd.

En avtale som innebærer vesentlig finansiell risiko, er ikke gyldig hvis kommunens eller fylkeskommunens avtalepart forsto eller burde ha forstått dette.

Departementet kan gi forskrift om finansreglementets innhold og innholdet i rapporteringen, og krav om kvalitetssikring av finansreglementet og rutinene for finans- og gjeldsforvaltningen.

Finansreglementet skal ivareta grunnprinsippet i målsettingane i kommunelova om å leggje til rette for ei forvaltning som gjev til tillit gjennom høg etisk standard og rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene.

Gjennom plikta til å utarbeide et finansreglement er ansvaret for forvaltninga lagt til kommunestyret. I dette ligg at kommunestyret må ta stilling til kva som vil være tilfredsstillande avkastning utan vesentleg risiko, samt ansvaret for å følge opp forvaltninga av finansielle midlar og gjeld.

Dei generelle krava er viktig for å bevisstgjere kommunane i høve risiko og eigarskap til forvaltninga av finansområdet. Det er lagt til grunn at det må gjerast lokale vurderingar av risiko og forsvarleg handsaming innan finansområdet, på same vis som for økonomiområdet.

Reglene for kva finansreglementet skal omfatte, er avgrensa til å gjelde forvaltning av langsiktige og kortsiktige finansielle midlar, samt likviditet og gjeld.

Lånte midlar skal over tid gi lågast mogleg totalkostnad innafør definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, medrekna behovet for føreseielege lånekostnader. Forbodet mot å inngå avtalar som fører med seg vesentleg finansiell risiko gjeld og for låneavtaler.

Sjølv om alminnelige låneavtalar i seg sjølv normalt ikkje vil utgjere vesentleg finansiell risiko, kan slik risiko oppstå dersom det i heile låneportefølja er store forfall innan ein kort periode.

Etter kommunelova skal økonomiforvaltninga være innretta slik at kommunen til ei kvar til kan betale gjelda si ved forfall.

Kvar kommune bør gjere sine egne vurderingar i høve finansiell og økonomisk risiko i utlåna sine og korleis forpliktelsar ved forfall dekkjast inn. I ei slik vurdering bør ein ta omsyn til likviditet, behaldninga av fond og generell økonomisk berekraft.

Før kommunen inngår avtalar, skal dei dokumentere overfor avtaleparten at avtalen ikkje inneber vesentleg finansiell risiko.

2 Formål

Kommunen skal forvalte midlane sine slik at tilfredsstillande avkastning kan oppnåast, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko, og under omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekkje sine betalingsplikter ved forfall.

Målet med reglementet er å gi rammer og retningslinjer for korleis forvaltninga av finansporteføljen til kommunen skal skje, gjennom å definere det risikonivået som er akseptabelt for plasseringar og låneoptak.

Målsetjinga for finansforvaltninga er å ivareta grunnprinsippet til formålsparagrafen i kommunelova om å utnytte kommunen sine tilgjengelege ressursar optimalt

- med sikte på å kunne gi eit best mogleg tenestetilbod.
- sikre at ein på førehand i stor grad kjenner kommunen si finansielle stilling
- skal bidra til stabilitet og langsiktig tenking.

3 Risikoprofil

Kommunen skal ha ein låg til moderat risikoprofil med fokus på å redusere i kva grad endringar i finansmarknadene vil verke inn på den finansielle stillinga til kommunen. Forklaringar på dei ulike risikoelementa innan finansforvaltninga:

1. Kredittrisiko. Risiko for tap som følgje av at låntakar eller motparten i ein kontrakt held opp å innfri forpliktinga si.
2. Likviditetsrisiko. Risiko for at egedelar ikkje kan omsetjast nær marknadsverdi i løpet av ein avgrensa tidsperiode.
3. Finansieringsrisiko. Risiko for ikkje å kunne finansiere lånebehova sine.
4. Renterisiko. Risiko for endring av verdien på egedelar, gjeld, eigenkapital som følgje av endringar i renta.
5. Valutarisiko. Risiko for endring av verdien på egedelar, gjeld, eigenkapital som følgje av endringar i valutakursar.
6. Administrativ/operasjonell risiko. Risiko for at kommunen internt (eller motpart i transaksjonar) ikkje har tilstrekkeleg kompetanse/bemanning, system, rutinar, eller ressursar generelt til å gjennomføre kommunen si vedtekne finansforvaltning.
7. Risiko i aksjemarknaden. Risiko for at aksjemarknaden eller det aktuelle investeringsobjektet vil stige eller falle - både på kort eller lang sikt.

Kommunen si finansforvaltning skal drivast slik at kommunen ikkje blir påført vesentleg risiko. I valet mellom auka avkastning og redusert risiko skal ein velje redusert risiko.

4 Rammer for risiko

4.1 Innlån

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret, normalt som ein del av budsjettvedtaket. Med utgangspunkt i kommunestyrets vedtak skal det gjennomførast låneopptak, godkjenning av lånevilkår, og forvaltning av kommunens innlån etter de retningslinjer som framgår av dette reglementet, og i tråd med Kommunelova § 14-14, § 14-15, § 14-16 og § 14-17 om låneopptak. Det kan og takast opp lån til å refinansiere eksisterande gjeld.

Det kan berre takast opp lån i norske kroner. Låna kan vere direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskaper. Kommunen skal fortrinnsvis prioritere finansinstitusjonar som er tydelege på berekraft.

Det kan òg leggjast ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som rammelån og utan avdrag. Der investeringsprosjekta innfrir til det skal det søkjast om grønne lån.

Styringa av låneporteføljen skal primært gjennomførast med tanke på å oppnå den ønskete utviklinga for netto renteutgifter til kommunen. Det skal ved opptak av lån alltid hentast inn tilbod frå minst to finansieringsinstitusjonar.

Generelt skal følgjande gjelde:

1. Eitt enkelt lån skal ikkje utgjere meir enn 30 % av den samla låneporteføljen.
2. Lån med forfall inntil 1 år fram i tid skal maksimalt utgjere 25 % av den samla låneporteføljen.
3. Lån kan takast opp som opne serielån med eller utan avdrag før forfall.

Renteutviklinga skal følgjast kontinuerleg for å vurdere binding av lån. For å redusere renterisikoen skal minst 30% av kommunen sine innlån med renterisiko vere til fast rente. Oversikt over renterisiko skal rapporterast i finansrapport. Reduksjon av risiko frå samla låneportefølje kan vere

- Formidlingslån.
- Lån innan sjølvkostområda.
- Vidareutlån m.a. til Valldal Fjernvarme AS, Tafjord Kraftproduksjon AS m.fl.
- Ledig likviditet i samband med ubrukte lånemidlar.
- Rente og avdragskompensasjon frå Husbanken
- Andre rentereduserande forhold som vert opplista i finansrapport.

4.2 Mål for avkastinga

Målsettinga med plassering av overskotslikviditet er å oppnå ei høgare avkastning enn normal bankrente i hovudbankavtalen, samt over tid ei høgare avkastning enn norske statsobligasjonar NOGOVD3M

Som berekraftskommune skal ein gå føre og vise retning med investeringsporteføljen. Kommunen skal fortrinnsvis investere midlar i fornybar energi samt sirkulærøkonomi, og støtte framtidretta næringar som sikrar menneskerettigheter og gode arbeidsvilkår.

4.3 Plassering av ledig likviditet som er til disposisjon innanfor årsbudsjettperioden.

Likviditetsreserven består av innlånte pengar som ikkje skal til utbetaling straks, ubrukte lånemidlar frå tidlegare år og anna kortsiktig overskotslikviditet.

Den likviditetsreserven som trengst for dagleg drift de neste 30 dagar skal alltid plasserast i bank. Ubrukte lånemidlar kan plasserast i aksje og obligasjonsmarknaden (sjå punkt 1-5)

Bankinnskot kan gjerast i norske finansinstitusjonar og utanlandske finansinstitusjonar som er etablert i Norge.

Ved plassering av pengar i andre porteføljar skal den finansielle risikoen vere låg.

Kommunen kan i tillegg til bank plassere sin ledige likviditet i:

1. Sertifikat og obligasjonar utstedt av Den norske stat eller garanterte av Den norske stat inkludert statsføretak.
2. Sertifikat og obligasjonar utstedt av norske kommunar og fylkeskommunar, eller sertifikat og obligasjonar garanterte av kommunar eller fylkeskommunar.

3. Sertifikat og obligasjonar utstedt av norske finansinstitusjonar og sertifikat og obligasjonar garanterte av norske finansinstitusjonar.
4. Sertifikat og obligasjonar utstedt av norske føretak med ei kredittrating tilsvarande Standard & Poors BBB- eller betre.
5. Pengemarknads-/obligasjonsfond forvalta av forvaltningsselskap som er etablerte i Norge.

Maksimalt 10 % av samla overskotslikviditet kan plasserast som nemnt i punkt 4. Lån til investeringar i budsjettåret kan berre plasserast i pengemarknads- eller obligasjonsfond med kort durasjon inntil dei skal disponerast.

4.4 Langsiktige finansielle aktiva

4.4.1 Definisjon

- Med langsiktig finansielle aktiva meiner vi midlar som ikkje kan reknast som ledige likvider eller som er planlagt brukt til driftsføremål.
- Det er midlar som ut frå Fjord kommune sin økonomiske situasjon kan reknast som forsvarleg å forvalte med ein lang tidshorisont og med noko mindre fokus på kortsiktige svingingar.
- Langsiktige plasseringar skal ikkje ha innverknad på kommunen sin betalingsemne på kort sikt.

4.4.2 Føremål

Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktive har som mål å sikre ei langsiktig avkastning som kan bidra til å gje innbyggerane i Fjord kommune et godt tenestetilbod. Samtidig er målet også å få ei rimeleg årleg bokført avkastning.

4.4.3 Forvaltning

Fjord kommune sine langsiktige finansielle aktiva kan forvaltast av 1 ekstern forvaltar. Forvaltar har fullmakt innanfor dei rammene og avgrensingane som er sett i dette finansreglementet, til å forvalte tildelt portefølje.

4.4.4 Overordna investeringsrammer

For å kunne oppfylle målet for forvaltningen skal midlane forvaltast etter følgjande kriterium

- Sikkerheit
- Risikospriing
- Likviditet
- Avkastning

Investeringane skal skje i børsnoterte verdipapir med rimeleg god omsetning og andre papir/plasseringar med tilsvarande god likviditet.

Årleg avkastning kan disponerast i drift.

4.4.5 Produktspekter

Midlane kan plasserast i følgjande instrumenter:

- Bankinnskot

- Sertifikat
- Pengemarknadsfond
- Ordinære obligasjonar
- Obligasjonsfond
- Kombinasjonsfond
- Aksjefond
- Sektorfond
- Aksjar og eigenkapitalbevis

Alle plasseringar skal vere i NOK.

4.4.6 Risikorammer

4.4.6.1 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen vert mellom anna styrt gjennom størrelsen på andelar statspapir i porteføljen. Statssertifikat og statsobligasjonar er dei verdipapira som er mest likvide i den norske marknaden og der det til ei kvar tid kvoterast kursar i marknaden med lågast differanse mellom kjøps- og salskurs.

4.4.6.2 Kredittrisiko

Kredittrisiko vert styrt gjennom å klassifisere kredittrisiko i klassar og ved å etablere plasseringsavgrensingar for risikoklasse og debitor med utgangspunkt i dei krav som er satt til kredittrisiko.

Pengemarknads- og obligasjonsfond vert normalt klassifisert i risikoklasse 2 med unntak av fond som inneheld industrilån/ansvarlege lån. Sistnemnde klassifiserast under risikoklasse 3.

4.4.6.3 Risikoklassar

Kredittrisiko skal klassifiserast i følgjande risikoklassar:

Risikoklasse 1	Obligasjonar/sertifikat utstedt av stat eller foretak med statsgaranti innanfor OECD, samt statsobligasjonsfond. Lånetakarar må vere klassifisert av eit internasjonalt eller norsk ratingselskap/finanshus, med BBB rating eller betre.
Risikoklasse 2	Obligasjonar med fortrinnsrett, obligasjonar/sertifikat utstedt av statsforetak, fylkeskommunar og kommunar, kraftverk med garanti frå kommune/fylkeskommune, bankar, forsikringsselskap og kredittforetak, innskot i bankar.
Risikoklasse 3	Obligasjonar/sertifikat utstedt av industriforetak eller fond med tilsvarende risiko. Obligasjonar, sertifikat og innskot som inngår i risikoklasse 2 og 3 (anten einskildvis eller gjennom verdipapirfond) skal minimum vere klassifisert av eit internasjonalt eller norsk ratingselskap/finanshus, med BBB rating eller betre (eller banken skal ha tilsvarende rating).
Risikoklasse 4	Eigedom, konvertible obligasjonar, ansvarlege lån, fondsobligasjonar og anna hybridkapital, kombinasjonsfond . Strukturerte produkt (kapitalsikra obligasjonar) skal normalt klassifiserast i denne risikoklassen, grunna normalt lågare likviditet enn i ordinære obligasjonar.
Risikoklasse 5	Aksjefond og sektorfond
Risikoklasse 6	Einskildaksjar, eigenkapitalbevis og private equity

4.4.6.4 Aktivafordeling

Fjord kommune skal ha ei fordeling av langsiktige finansielle aktiva (kraftfondet) basert på ei nøytral plassering og med minimums- og maksimumsrammer for taktisk aktiva allokering:

		Minimum	Nøytral	Maksimum
A	Innskot i bank	0	5 %	30 %
B	Plassering obligasjonar, sertifikat rentefond (risikoklasse 1,2,3)	70 %	75 %	90 %
	Sum risikoklasse 1,2 og 3	70 %	80 %	90 %
C	Plassering i risikoklasse 4	0	5 %	10 %
D	Aksjefond (risikoklasse 5)	10 %	15 %	30 %
	Sum risikoklasse 4 og 5	10 %	20 %	30 %

- Normalporteføljen skal være 20 % i aksjar og andre produkt i risikoklasse 4 og 5, og 80 % i renter/obligasjonar (risikogruppe 1,2 og 3)
 - Grensene betyr at alltid minimum skal vere plassert; 70% i renter/obligasjonar (risikogruppe 1,2 og 3) og 10 % i aksjar og liknande (risikoklasse 4 og 5).
 - Det vert ikkje skilt mellom norske og utenlandske aksjer.
- Kommunestyret skal kvart år ved handsaming av neste års driftsbudsjett, vurdere eventuell endring av fordeling i aktivaklasser.

4.4.6.5 Plasseringsavgrensingar, risikoklasse

For å styre kredittrisiko, skal følgjande avgrensingar gjelde for plassering:

Kredittrisiko	Total portefølgje
Risikoklasse 1	Minimum 10 %
Risikoklasse 2	Maksimalt 45 % av total forvaltingskapital
Risikoklasse 3	Maksimalt 45 % av total forvaltingskapital
Risikoklasse 4 og 5	Maksimalt 30 % av total forvaltingskapital
Risikoklasse 6	Pt. Ikkje rammer

I risikoklasse 6 skal alle eventuelle plasseringar godkjennast av kommunestyret.

I den grad ein høgare risikoklasse ikkje er heilt utnytta, kan tilsvarande "ledig" andel nyttast til å auke rammene for klassar med lågare risiko.

Eksempel, dersom plassering i risikoklasse 4 og 5 er 20 % av forvaltningskapitalen, kan plassering i risikoklasse aukast til 55 %.

4.4.6.6 Plasseringsavgrensingar, debitorar

Fjord kommune set følgjande rammer for maksimal plassering pr. debitor rekna av samla forvalta kapital.

Kredittrisiko	Maksimal plassering pr. debitor i % av samla forvalta kapital
Risikoklasse 1	Ubegrensa
Risikoklasse 2	Statsforetak/obligasjonar med fortrinnsrett 10 %

	Fylkeskommune/kommune og kraftselskap m/garanti 10 %
	Bank/finans 10,0 %
	Rentefond 20,0 %
Risikoklasse 3	Generelt 2,5 %
	Rentefond 10,0 %
Risikoklasse 4	Generelt 2,5 %
	Verdipapirfond 10,0 %
	Spesialfond (eigedom ol) 2,5 %
Risikoklasse 5	Det skal veljast aksjefond som omfattar eit større antal selskap og bransjar som følgjer etablerte marknadsindeksar
	Reine bransjefond er ikkje tillate utan godkjenning frå formannskapet.

- Det skal ikkje plasserast meir enn 15% av portefølja sin samla forvaltningskapital, i eit einskild aksjefond.
- Kommunen kan ikkje eige meir enn 5% av fondsandelane i eit enkelt verdipapirfond.
- Kommunen si eksponering (innskot og direkte eigde obligasjonar/sertifikat) i ein einskild bank skal ikkje utgjere meir enn 2% av banken sin forvaltningskapital.

4.4.7 Valutasikring

Fjord kommune skal ikkje vere eksponert i valuta.

4.4.8 Avkastingsrisiko og benchmarks

Avkastningsrisiko er definert som risiko for verdiendring på egedelar som følgje av endringar i marknadsforhold, herunder endringar i aksjekursar, rentenivå og andre endringer i disse marknadane. Benchmarks kan definerast som samanlikning av produkter, arbeidsmåtar eller liknande ut frå gitte kriterier eller standardverdier, i dette tilfellet referanseindekser.

I tillegg til den absolutte risiko (risikoen for ikkje å nå oppsatt avkastingsmål) har kommunen også ein relativ risiko for ikkje å oppnå avkastingen til ein samanlikningsportefølje (benchmarkportefølje).

Fjord kommune har ei forventning om avkastning av portefølje på over tid minimum 2% over renter på bankinnskot. Bankinnskot har p.t betingelse på Nibor 3 mnd pluss margin på 0,42 punkt.

Ved benchmark samanlikningar skal avkastningen av kommunen si portefølje samanliknast mot "normalportefølja" og avkastning på denne.

Renteportefølja skal ha ei løpetid (durasjon) på mellom 0,5 og 5 år avhengig av renteprognooser.

Avkastingsrisiko for aksjar vert styrt gjennom storleiken som vert sett for maksimal ramme for denne risikoklassen. Det er samtidig gitt visse avgrensingar ved val av aksjefond, sjå punkt 4.4.6

4.4.9 Etske retningslinjer

Dei etske retningslinjene som til ei kvar tid er gjeldande for Statens pensjonsfond utland, skal vere retningsgjevande for Fjord kommune si etske handtering av kapitalforvaltningen.

4.5 Fullmakter

Innanfor dei generelle retningslinene som følgjer av dette dokumentet, blir Kommunedirektøren gitt slike fullmakter:

1. Gjennomføre opptak av lån etter lovleg vedtak fatta av kommunestyret.
2. Gjennomføre refinansiering av eksisterande lån når som helst ut frå ei aktiv strategisk finansforvaltning.
3. Godkjenne nye rentevilkår på forfalne lån.
4. Stå føre den daglege forvaltninga av kommunen sine likvide midlar, under dette:
 - bestemme samansetjinga av aktuell portefølje.
 - inngå avtale om kjøp og sal av verdipapir.
 - inngå avtalar om kjøp og sal av delar i verdipapirfond.
 - gjere plasseringar på særtilkår.
5. Inngå avtale om ekstern bistand til styrking av kommunen sin finanskompetanse, under dette:
 - avtalar om generell finansiell rådgjeving
 - avtalar om forvaltning av delar av kommunen sine likvide midlar og kommunen sin gjeldsportefølje (aktiv forvaltning).

Kommunedirektøren er ansvarleg for at alle finansdokument med tilhøyrande dokumentasjon blir arkiverte og oppbevarte på ein forsvarleg måte.

4.6 Rapportering og kontroll

Finansforskriftas §8 inneheld krav til kommunedirektørens si rapportering til kommunestyre.

Rapportane skal:

- *Vise hvordan de finansielle midlene er sammensatt og markedsverdien av dem, både samlet og for hver gruppe av midler*
- *Vise hvordan de finansielle forpliktelsene er sammensatt og verdien av dem, både samlet og for hver gruppe av forpliktelser*
- *Oppløse om de finansielle forpliktelsesenes løpetid, og om verdien av lån som forfaller og må refinansieres innen 12 måneder*
- *Oppløse om aktuelle markedsrenter og kommunens egne rentebetingelser*
- *Oppløse om forhold som kommunestyret har stilt krav om at det skal opplyses om*

Formål med rapportering er å informere om dei faktiske resultatane til finansforvaltninga, og om finansforvaltninga si eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsette.

Den ordinære årsmeldinga skal innehalde ein eigen omtale av korleis kommunen sin finansportefølje har blitt forvalta i det aktuelle rekneskapsåret.

Her skal også vesentlege endringar i samansetjinga og risikoprofilen til finansporteføljen presenterast særskilt. Omtalen skal innehalde ei evaluering av porteføljen si avkastning i forhold til relevant

samanlikningsindeks. Utover dette skal kommunestyret i tertialrapporteringa informere om finansporteføljen si utvikling og risikoeksponering. Rapporten skal innehalde:

- Oversikt over fordeling av gjelda på lånetype, løpetid, renteutvikling og låneinstitusjon.
- Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
- Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvensar Kommunedirektøren trekkjer av dette.

Ved vesentlege endringar i finansmarknadene som gjer at det er nødvendig med store tilpassingar av finansporteføljen, skal formannskapet ha orientering straks.

Kommunestyret er pålagt gjennom garanti – og finansforskrifta å innhente ei ekstern vurdering av om finansreglementet er i tråd med gjeldande kommunelov og tilhøyrande forskrifter. Det skal og innhentast ekstern vurdering av rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, samt rutinar for avdekking av avvik frå reglementet.

Ansvar for at ekstern vurdering innhentast ligg til kommunedirektøren.

4.7 Handtering av avvik

Det er kommunedirektørens ansvar å utarbeide rutinar for finansforvaltninga, og følgje opp disse. Finn ein avvik mellom den faktiske finans – og gjeldsforvaltninga og rammene i finansreglementet skal avvika lukkast snarast.

Slike avvik skal kommenterast særskilt i finansrapporteringa. Kommentaren skal innehalde opplysningar om konsekvens og naudsynte tiltak for å unngå liknande avvik i framtida.